



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd
Ål, Møte 18.8.2026

Møtestart: Kl 16.30 Torpo kyrkje

Møteslutt: Kl 18.20

Til stade:

Medlemmer: Liv A. Solberg (Leveld), Inger Haug (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest).

Varamedlem:

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål).

Opning: Omvisning i Torpo stavkyrkje

SAKSLISTE:

SR-sak 34/26: Godkjenning av referat frå møtet 16.6.26 og innkalling 18.8.26

SR-sak 35/26: Evaluering etter sommaren

SR-sak 36/26: Plattformen «Kirka vår»

SR-sak 37/26: Fasteaksjonen 2027

SR-sak 38/26: Orienteringssaker

SR-sak 39/26: Open post frå sokneprest

Frøydis Stoveland Dekko

Leiar

Kristoffer Krohn Sævre

Kyrkjevevje (sekretær)

SR-sak 34/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 28.4.26 OG MØTEINNKALLING 16.6.26

Saksdokument:

[Protokoll soknerådet i Leveld, Torpo og Ål 16.06.2026.pdf](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 18.8.2026 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 18.8.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 16.6.2026.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 18.8.2026.

SR-sak 35/26: EVALUERING AV SOMMAREN

Saksopplysningar:

Sokneprest gav ein oppdatering om aktivitetane/gudstenestene gjennomført sommaren 2026. Noko færre gudstenester enn tidlegare år, med generelt godt oppmøte. Fast sumargudsteneste-program, noko presterotasjon. Kyrkjegardane har vore godt stelt. Er det ynskje eller behov for meir arrangement på sommaren, ein gudsteneste til? Vats fjellkyrkje kan også vurderast. Kva har me ressursar til, i så fall, og kva kan driftast av frivillige? Vil me vurdere meir opne kyrkjer neste sommar? Inntrykk av at ein del oppsøker opne kyrkjer, godt å møte ein open dør i kyrkja. I så fall må det gjerast kjent i fleire kanalar, slik som Visit ÅL. Gudstenesteutvalet inviterast til å kome med innspel.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 18.8.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

SR-sak 36/26: PLATTFORMEN «KIRKA VÅR»

Saksopplysningar:

Bispedømmet oppmuntrar soknerådet til å bruke den digitale plattformen «[Kirka Vår](#)» på kvart møte. Godt stykke arbeid som trengs i Hallingdal. Rådet har formelt sett ansvar for det, så blir det ein vurdering kor mykje tilsette skal gjere. Hvis planer og tiltak ikkje er lagt inn, så risikerer me å miste tilskot.

Bispedømmet ber soknerådet om å lage en beskrivende tekst om soknet og lokalsamfunnet, gje oversikt over tilgjengelige ressurser, oversikt over aktivitetene staben har registret i verktøyet. Begynn å identifisere utfordringer. Skap eit felles bilde av hvem dere er og vil være som menighet. Først når dette grunnlaget er tydelig og delt av alle, blir det mulig å jobbe godt vidare med prioriteringer, satsninger og tiltak.

Satsninger er direkte knyttet til utfordringer stab og menighetsråd ser i lokalmenigheten, og utløser nye eller justerer eksisterende tiltak som svarer på disse behovene. Menighetsrådet gjør vedtak om satsingene og perioden de skal gjelde for. Staben vil være forpliktet på vedtaket. Da er alle ting på plass, og menigheten har en «Samla plan». Endelig vedtak om denne på kan gjøres på menighetsrådets møte i oktober eller november.

Leiarane av dei ulike utvala kan få tilgang viss dei ynskjer.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 18.8.2026

VEDTAK:

Soknerådet vil arbeide med «Kirka Vår» i 3 faser;

Fase 1: Soknerådet ber Ingrid K. Hajem og Inger Haug om å set seg inn i Kirka Vår i samarbeid med staben. Soknerådsleiar har også tilgang.

Fase 2: Frivilligfesten 17. september vil vere del av strategisamtalen. Me ynskjer også innspel frå diakoniutvalet og trusopplæringsutvalet.

Fase 3: Ei strategigruppe utarbeider utkast til satsing til vedtak i sokneråd i oktobermøtet som skal leggjast inn i Kirka Vår innan fristen i november.

SR-sak 37/26: FASTEAKSJONEN 2027

Saksopplysningar:

Leveld, Torpo og Ål sokn har tidlegare år hatt svært gode innsamlingsresultat i fasteaksjonen. Dei siste åra har resultatet vore normalt, men med få konfirmantar og færre frivillige har me ikkje gått frå dør til dør i Leveld og Torpo, men i staden hatt bøsser og folk på Samhald og Joker'n. I 2026 har me tilsett diakon i 60% stilling med ynskje om å bruke si arbeidstid i utadretta diakonalt arbeid. Kva kan definerast til diakon, diakonimedarbeider og kva kan gjerast av frivillige?

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 18.8.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd ber ei arbeidsgruppe med diakon, diakonimedarbeidar, kapellan, samt representant frå diakoniutval om å planlegge fasteaksjonen 2027.

SR-sak 38/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

1) Frivilligfest 17. september kl 17: Øystein Magelssen og Sigmund B. Kruse kjem. Komiteen jobbar vidare med planlegging og gjennomføring.

2) Vigsling av diakon i folkemusikk gudstenesta 23. august: Biskop em. Laila Riksaasen Dahl deltek sidan biskop Myrseth er sjukmeldt. Det er ynskje om at ein soknerådsrepresentant bidreg med ansvaret for kyrkjekaffi i kyrkjestugu etter gudstenesta. Det oppmuntras til helsingar til den nye diakonen.

3) Biskop Jan Otto Myrseth er sjukemeldt med kreftdiagnose. Domprost Sveinung Hansen er fungerande biskop. Prostisamlingen med biskop planlagt 8. oktober vert ikkje gjennomført, og soknerådet er slik sett fristilt frå deltaking. Kyrkjelege tilsette vurderer å samlast til prostidag sidan datoen uansett var sett av.

Mogeleg soknerådet treng eit kort ekstramøte for å gje innspel til val av ny biskop. Info kjem.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 18.8.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringane.

SR-sak 39/26: OPEN POST FRÅ SOKNEPRESTEN

Saksframlegg:

Soknepresten vil få ein fast open post i soknerådsmøta.

- Kveldsmesser: Takk for bidrag til å gjere det kjent (plakatar m.m.)
- Retreat-dag i november
- Temakveld om gudsbilete i oktober
- Inspirasjonskveld for alle gudstenestemedarbeidarar

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 18.8.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar soknepresten for orienteringane.

Neste møte: 13. oktober 2026